

Møteinnkalling

Utval:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland
Møtestad:	Hardangerakademiet, Jondal
Dato:	07.05.2015
Tid:	10:40 – 12:30

Program for dagen

FTU-møte kl 10:40-11:00
Møte med Hardangerrådet kl 11:00-12:30

Saksliste (FTU-møte)

- Orientering. Pilotprosjekt Trafikksikker kommune

Sakshandsaming

Møte med Hardangerrådet

FTU presenterer seg og sitt arbeid
Presentasjon av Ulukkesbarometer for 2015, Statens vegvesen
Kommunane presenterer sine konkrete utfordringar med trafikksikringsarbeidet i sin kommune

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Gustav Bahus
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 17/15	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 18/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 19/15	Referatsaker		
RS 6/15	Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 2015 - programforslag	2014/555	
PS 20/15	Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement våren 2015	2014/1230	
PS 21/15	Ymse		

PS 17/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 18/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 19/15 Referatsaker



Notat

Dato: 22.04.2015
Arkivsak: 2014/555-32
Saksbehandlar: lisadla

Til:	Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU)
Frå:	Fylkesrådmannen

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 2015 - programforslag

I *Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017* er det vedteke at fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) arrangerer trafikksikringskonferanse for kommunane i fylket. På trafikksikringskonferansen for kommunane ønskjer fylkeskommunen å orientere om kva trafikksikringsarbeid som vert gjort på regionalt og nasjonalt nivå, og å leggje til rette for å utveksle erfaringar, samt yte kompetanseheving og meningsutveksling både for kommune- og fylkeskommunepolitikarar, samt tilsette i kommuneadministrasjonen. Det er sjølvsagt også eit mål å gje inspirasjon til det vidare arbeidet med trafikksikring i kommunane.

Tidspunkt og stad

Dei fire føregåande åra er denne konferansen lagt til november, og dette ser ut som eit tenleg tidspunkt. I møteplanen for FTU er konferansedatoen dagsett onsdag 18. november.

Tema på konferansen

Fylkesrådmannen har følgjande forslag til moglege tema på konferansen:

- Utdeling av årets Trafikksikringspris i Hordaland
- Erfaringar frå arbeidet med å verte sertifisert som Trafikksikker kommune
 - Austrheim, Vaksdal, Lindås
 - Trygg Trafikk, fylkeskommunen
- Eksempel frå ein kommune som er sertifisert som Trafikksikker kommune
- Haldningsskapande trafikksikringstiltak i kommunane – lavterskeltilbod
- Rassikring
- Strekningsvis ATK – prosjekt TØI
- Sinusfresing – effekt og erfaring
- § 34 – Vegtrafikkloven
 - Folkehelseinstituttet/Helsedirektoratet/Politidirektoratet/Møre og Romsdal FTU



Arkivnr: 2014/1230-79
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland	20/15	07.05.2015

Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement våren 2015

Samandrag

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 er sett til 6. mars og 15. august. Innan fristen 6. mars kom det inn 15 søknader, med ein søknadssum på totalt 571.200 kr. Sak om tildeling av tilskotsmidlar til lokale trafikksikringsarrangement (PS 13/15) vart handsama i møte i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) den 8. april 2015. Fylkesrådmannen sitt framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke, og av det følgjer at det vart tildelt tilskot til 13 søkjarar, med ein total tilskotssum på 381.500 kroner.

I etterkant av møtet i FTU etterspurde Vaksdal kommune svar på sin søknad om tilskot, som skulle vere sendt til fylkeskommunen sitt postmottak 17. februar. Fylkesrådmannen kunne ikkje finne at denne søknaden var registrert i vårt saks-/arkivsystem, og søknaden var difor ikkje ein del av saka (PS 13/15) som vart lagt fram for FTU i april. Ettersom søknaden gjeld eit trafikksikringsarrangement i juni så finn fylkesrådmannen det rett å leggje fram saka for FTU på møtet i mai.

Vaksdal kommune søkjer om tilskot på totalt 150.000 kr til to ulike aktivitetar; eit trafikksikringsarrangement og ei tverrfagleg ressursgruppe. Totalsummen på søknaden er 200.000 kr, med ei fordeling på 150.000 kr til trafikksikringsarrangementet og 50.000 til den tverrfaglege ressursgruppa.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tildeler 100.000 kr til lokalt trafikksikringsarrangement i Vaksdal kommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.04.2015

Bakgrunn

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 er sett til 6. mars og 15. august. Innan fristen 6. mars kom det inn 15 søknader, med ein søknadssum på totalt 571.200 kr. Sak om tildeling av tilskotsmidlar til lokale trafikksikringsarrangement (PS 13/15) vart handsama i møte i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) den 8. april 2015. Fylkesrådmannen sitt framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke, og av det følgjer at det vart tildelt tilskot til 13 søkjarar, med ein total tilskotssum på 381.500 kroner.

I etterkant av møtet i FTU etterspurde Vaksdal kommune svar på sin søknad om tilskot, som skulle vere sendt til fylkeskommunen sitt postmottak 17. februar. Fylkesrådmannen kunne ikkje finne at denne søknaden er registrert i vårt saks-/arkivsystem, og søknaden var difor ikkje ein del av saka (PS 13/15) som vart lagt fram for FTU i april. Ettersom søknaden gjeld eit trafikksikringsarrangement i juni så finn fylkesrådmannen det rett å leggje fram saka for FTU på møtet i mai.

Om søknaden

Vaksdal kommune søker om tilskot på totalt 150.000 kr til to ulike aktivitetar. Det fyrste er eit trafikksikringsarrangement i juni 2015 som har ungdom i 10.-klasse og eldre som målgruppe. Arrangementet byggjer i stor grad på liknande lokale trafikksikringsarrangement som FTU står oppunder. I søknaden vert det vidare opplyst at det *etter arrangementet vert «debriefing» og oppsummering i yngre og eldre ungdomsgrupper, samt foreldregruppe.*

Den andre delen av søknaden omhandlar oppretting av ei ressursgruppe og påfølgjande arbeid i denne gruppa. Ressursgruppa skal vere tverrfagleg, og er ein del av Vaksdal kommune sitt arbeid knytt til trafikksikker kommune prosjektet.

Totalsummen på søknaden er 200.000 kr, med ei fordeling på 150.000 kr til trafikksikringsarrangementet og 50.000 til den tverrfaglege ressursgruppa.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

I fylkesrådmannen si vurdering av denne søknaden er det i særleg grad lagt vekt på dei vurderingane som låg til grunn ved handsaminga av dei 15 søknadane i FTU-saka av 8. april (PS 13/15). I fylkesrådmannen sine kommentarar frå denne saka heiter det mellom anna:

Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere kvaliteten på trafikksikringsdelen i tiltaket. Haldningsskapande trafikksikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søknadane. Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søknadane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i fyrste omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Etter fylkesrådmannen si vurdering viser Vaksdal kommune stor grad av vilje og initiativ for å styrke trafikksikringsarbeidet i kommunen. Intensjonsavtalen for å verte sertifisert som trafikksikker kommune er eit godt eksempel på dette. Vidare har kommunen ved fleire høve løfta fram sine særlege utfordringar med vegnettet i kommunen (E16), og sitt fokus på unge mannlege sjåførar som ei utsette trafikantgruppe i

kommunen. Slik sett er søknaden som no ligg føre er eit resultat av dette engasjementet for å betre trafikktryggleiken i kommunen.

Fylkesrådmannen rår til at Vaksdal kommune får tildelt 100.000 kr i tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement våren 2015.

Fra: Tove Bruvik Erdal (Tove.Bruvik.Erdal@vaksdal.kommune.no)

Sendt: 20.04.2015 12:16:43

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - søknad om tilskot (FTU)

Vedlegg: Søknadsskjema 2015. Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement FTU.pdf; Søknad om tilskot til trafikktryggingstiltak til FTU 2015.pdf; Prosjektstyringsplan trafikksikkerheit 2015.pdf; Prosjektplan holdningsskapande trafikksikkerheitsarbeid.pdf
Se vedlagte saksdokumenter.



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2015

Adresse: Hordaland fylkeskommune, Sentralarkiv, Postboks 7900, 5020 Bergen
 Elektronisk adresse: hfk@hfk.no
 Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
 – ref. 2014/1230"

Stad og dato: ...Dalekvam 18. februar 2015.....

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar	Set kryss
1. Fotgjengar	
2. Sykkel	
3. Fart og rus	x
4. Barnehage	
5. Barneskule og ungdomsskule	x
5. Vidaregåande skule	x
6. Vaksne	x
7. Eldre	

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017	Set kryss
Trafikksikringsarbeid i kommunane	x
Møteulukker utanfor tettbygde strok	
Mjuke trafikantar i byområde	

Namn på tiltaket	
Namn på søkjar: Vaksdal kommune	Organisasjonsnummer; 96182167
Adresse, Konsul Jepsensgate 16	Postnummer og poststad; 5722Dalekvam
Kontaktperson; Gjertrud Karevoll	Kontonummer; 3500.07.00418
E-post; gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no	Telefon; 91560795
Totalkostnad; 200.000,-	Søknadssum; 150.000,-

Skildring av prosjektet:

Samanfatta søknad i vedlegg.

- Denne søknaden gjeld for trafikksikkerhetsarrangement i samband med Daledagane (og motbakkeløpet Bergsdalen opp) 6. juni 2015. Målgruppa er ungdom i 10-klasse og eldre. Etter arrangementet vert det «debriefing» og oppsummering i yngre og eldre ungdomsgrupper, samt foreldregruppe. I planlegging, gjennomføring og oppfyljing av arrangementet (og seinare i prosjektet) vert ressurspersonar tilknytt ressursgruppa svært viktige.

Prosjektstyringsplan for gjennomføring av *trafikksikker kommune* i vedlegg

Utfyllande prosjekttomtale for arrangementet og tverrfagleg ressursgruppe i vedlegg

Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?

Bygge felles plattform for trafikktryggingsarbeidet i kommunen, og breidt samarbeid med andre offentlege og private aktørar.

Samarbeid – kompetanseheving – brei tilnærming – mange arenaer – kjende pedagogiske verkemiddel

Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?

Politi, vegvesen, brannvern, kommunehelsetenesta, oppvekst og andre frivillige deltek i gjennomføringa

Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare? Ja Nei

Planlagt start;

Planlagt slutt: arrangementdato 6. juni 2015

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast
Vaksdal kommune, Dale barne- og ungdomsskule (skuleplassen)

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Oppst/samling ressursgruppe	30.000,-	
Kompetanseheving	40.000,-	
Innleige utstyr	90.000,-	
Annonsering	10.000,-	
Promotering/trekkplaster	20.000,-	
Evaluering/læring samla	10.000,-	
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr):		
Søknadssum:	150.000,-	
Totalkostand:	200.000,-	

*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 ‰ av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsrâme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.

Søknad om tilskot til trafikktryggingstiltak, Vaksdal kommune, februar 2015

Vaksdal kommune er lokalisert urbant mellom Bergen og Voss. E16 er ei hovudferdsleåre gjennom kommunen, og har gjennom ei årrekke vore ulykkesutsett og har medført tøffe og brutale hendingar både for innbyggjarane og tilsette i kommunen. Me har mista mange, og spesielt synes ungdomar å vere involvert i mange uønskte hendingar. I 2014 mista kommunen to unge gutar i to ulike trafikkulykker. Hausten 2014 gjennomførte også kommunen ei overordna ROS-analyse som syner at alvorlege trafikkulykker er den mest belastande hendinga for kommune og innbyggjarane.

Ulykkessituasjonen på E16 gjennom kommunen er ikkje i samsvar med utviklingstrenden nasjonalt, <http://www.hordaland.no/Aktuelt/Nyhende/Positiv-utvikling-pa-Hordalandsvegane-men-negativ-pa-E39-og-E16/>, og sett i lys av at dette er kommunen sin lokalveg mellom tettstadane Vaksdal, Stanghelle og Dale vil kommunen satse aktivt og tverrsektorielt i kommunen.

Med bakgrunn i dette har kommunen v/ rådmannen i januar 2015 signert ein intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å verte godkjent som trafikksikker kommune. Dette inneber ei stor satsing tverrsektorielt i kommunen. Dei ulike satsingsområda er synt i vedlagt prosjektstyringsplan (kap. 7):

1. trafikksikkerheitsarrangement,
2. trafikksikkerheitsplan,
3. skular og barnehage som godkjende trafikksikre einingar,
4. helsestasjonen med tiltak i «frå vogge til grav – perspektiv»,
5. ungdomsarbeid,
6. tverrsektoriell ressursgruppe,
7. trafikksikkerheitstema i Dalekunst.

Målsetjinga er at alle tiltaka i prosjektet skal vere innarbeidd som faste oppgåver innan tre år.

Me søker om tilskot til to av aktivitetane for 2015:

- Trafikksikkerheitsarrangement i samband med Daledagane, juni 2015
- Ressursgruppe, opprette og igangsetje, mars 2015


Utfyllande skildring og målsetjing, hensikt og aktivitetar for begge desse aktivitetane er å finna i vedlegg om haldningsskapande trafikksikkerheitstiltak.

Arrangement for innbyggjarane, med påfølgjande oppfølging i ulike målgrupper. Arrangement vil vere felles, med utgangspunkt i utprøvde arrangement med dropp av bil frå krane og redningsarbeid. Oppsummering etterpå i grupper med ulike målgrupper; yngre ungdom, eldre ungdom og foreldre.

Tiltaka vil byggje på kjende og utprøvde filosofiar for haldningsskapande arbeid – som *Sei ifrå*, og *russebilarrangementa* som er velkjende innan trafikktryggingarbeid. Lokal tilpassing er sjølvsagt nødvendig. Ressursgruppa skal innehalde personar frå alle aktuelle sektorar, einingar – både offentlege og private. Det er svært stor motivasjon i kommunen for trafikksikkerheitsarbeid, også blant organisasjonar og innbyggjarar.

Kommunen samarbeider med andre kommunar og offentlege etatar for å knyte til seg kompetanse og utvikla ei metodisk heilskapleg tilnærming. Lindås kommune, Fylkestrafikksikkerheitsutvalet, Trygg Trafikk, Statens vegvesen og politiet er nokre av desse.

Me søker om eit tilskot kr. 150.000,- for 2015 til trafikkikkerheitsarrangement og opprette tverrfagleg ressursgruppe. Kompetanseheving og samarbeid er viktige faktorar, spesielt no i startfasen.



Prosjektbestilling, Prosjektstyringsplan og Kvalitetsplan

TRAFIKKSIKKERHEIT



Trafikksikkerheit 2015–2025

Vaksdal kommune
Oppstart, igangsetting, gjennomføring

Dato: 1. januar 2015

Vaksdal kommune	Web-saknr:	Fasenr:	Arkivref.:
Prosjektbestilling, Prosjektstyringsplan og Kvalitetsplan			<i>Stort prosjekt</i>
			<i>Lite prosjekt</i>
			<i>Samleprosjekt</i>
Prosjekt: Trafikksikkerheit			
<i>Dok. dato:</i> 1. jan. 2015	<i>Rev. dato:</i>	<i>Dok.ansv.:</i> Gjertrud Karevoll	

Orientering om dokumentets innhald

Denne planen er utarbeidd av prosjektleiar, med støtte frå prosjektgruppa. Hausten 2014 har Vaksdal kommune gjennomført ei overordna ROS-analyse som viser at kommunen si største belastning (etter samla vurdering av sannsynlegheit og konsekvens) er alvorlege trafikkulykker. Denne planen er meint å styrkje kommunen sin innsats for trafikksikkerheit gjennom tverrfagleg innsats frå alle tenesteområda, andre etatar og frivillige.

Denne planen vil verte følgt opp også gjennom andre styrande planar, til dømes gjennom revisjon av temaplan for trafikksikkerheit, som er innarbeidd plan i kommunen sin planportefølge.

Dei ulike delane av planen, samt detaljering, framgår av innhaldsoversikten.

Det er store utfordringar knytt til kompetanseutvikling og økonomi, og gjennomføring av planen vil vere avhengig av tilførte midlar gjennom tilskotsordningar. Dette er det ikkje mogeleg å ha full oversikt over på noverande tidspunkt (januar 2015).

Prosjektet startar likevel januar 2015. Det er tenkt innarbeidd i kommunen si ordinære drift i løpet av 3 år. Då vert prosjektet avslutta ved utgangen av 2017.

Prosjekteigar		Prosjektleiar	
<i>Dato:</i>	<i>Sign.</i>	<i>Dato:</i>	<i>Sign</i>

Distribusjonsliste

Navn	Initialer	Prosjektrolle (funksjon)	Org. eining
Trine Grønbeck		Prosjekteigar	Rådmann
Willy-Andrè Gjesdal?			Einingsleiar Samfunnsutvikling
Ann Kristin Bolstad		Prosjektleiar	Samfunnsutvikling
Gjertrud Karevoll		Prosjektgruppe	Einingsleiar Oppvekst
Solrun Hauglum		Prosjektgruppe	
Eirik Haga?			Ordførar

Revisjonslogg for Prosjektbestilling, Kvalitetsplan og Prosjektstyringsplan

Planen skal være oppdatert til enhver tid. Dette medfører revisjoner av dokumentet.

Det skal fremgå når dokumentet går over fra å være Prosjektbestilling til Prosjektstyringsplan og Kvalitetsplan.

Kolonnen for referansedokument er lenke eller henvisning til grunnlagsdokumenter som beskriver begrunnelse for endring i prosjektet/kontrakten og konsekvensene av endringen.

Revisjonsnr.	Dato	Endring	Referanse-dokument	Utført	Godkjent	Mottatt
01	1.jan 2015		01	distribusjonsliste		

INNHOLD

1	Bakgrunn for prosjektet.....	5
2	Prosjektoppgåve og prosjektmål.....	6
3	Rammer	7
4	Rapportering og avviksbehandling.....	7
5	Organisasjon.....	8
5.1	Tverrfaglighet.....	8
5.2	Ressurser	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.3	Informasjon og møter	9
6	Økonomi og fremdrift	9
6.1	Budsjett.....	9
6.2	Tidsplan.....	10
7	Prosjektdeler	10
7.1	Trafikksikkerhetsarrangement.....	10
7.2	Trafikksikkerhetsplan.....	10
7.3	Oppvekst.....	11
7.4	Helsestasjonen.....	11
7.5	Ungdomsarbeid	11
7.6	Ressursgruppa	11
7.7	Dalekunst.....	11
8	Kvalitetsstyring	11
8.1	Kontrollplan.....	12
8.2	Endringsstyring	12
8.3	Overtakelse.....	13
8.4	Overlevering.....	13
9	Erfaringsoverføring	13
10	Vedlegg	13

Prosjektstyringsplan

Etter behov legges ved:

- Kontrakt-/ Avtaleoversikt
- Hoveddata for prosjektet
- Prosjektoversikt
- Kostnadsutvikling
- Finansieringsplan


1 Bakgrunn for prosjektet

Kommunen er en viktig aktør i arbeidet med å førebygge trafikkulykker. Både som vegeigar, skule- og barnehageeigar, arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester har kommunen et ansvar for å førebygge ulykker.

I tillegg har kommunen, med bakgrunn i lover og forskrifter, ei plikt til å arbeide tverretatleg og systematisk med trafikkikkerheit.

Vaksdal kommune er svært belasta med svært mange og alvorlege ulykker spesielt knytt til E16 og Rv564.

På E16 er det mykje gjennomgangstrafikk. Standarden er svært låg i høve til trafikkmengda, og i media er den omtala som «dødsvegen». Heilt sidan «stamvegen til Voss» opna i 1991 har alvorlege og fatale ulykker ramma innbyggerane i Vaksdal hardt. Saman med Rv 569 retning Stamnes utgjer den i hovudsak lokalvegnettet i kommunen. I løpet av første halvår 2014 har kommunen mista to unge gutar, ein på E16 og ein på Rv 569.




Kartutsnitt for Vaksdal kommunen, trafikkulykker 2004-2014 (kjelde: Statens vegvesen)

Ulykkene rammar både i gjennomgangstrafikken og lokalt. Det er spesielt mange lokale ungdomar som har vore involvert. Ulykkene har ulik karakter, men fleire alvorlege ulykker kan knytast til rus, fart og bruk av sikringsutstyr.

Vaksdal kommune har ingen å miste, og ynskjer å prioritere haldningsskapande trafikkikkerheitsarbeid. I prosjektfasen vil opparbeiding av kompetanse, samarbeid og implementering av rammeverk og rutinar for å nå dette målet ved felles innsats både frå kommunen og innbyggjarane i kommunen. Andre offentlege etatar og interessentar vil også medverke og delta aktivt.

2 Prosjektoppgåve og prosjektmål

Prosjektoppgåva er å styrkje trafikksikkerheit. Kommunen vil arbeide i eit systemperspektiv med fokus på organisasjon/forvaltning, menneske/trafikanter og miljø/omgjevnad.



Samarbeid og samhandling mellom organisasjonar og etatar er nødvendig, og felles tiltak skal gjennomførast. Tiltak skal vere både trafikanterretta og retta mot miljø/omgjevnader. Både haldningsskapande og fysiske trafikksikkerheitstiltak skal gjennomførast.

Innfallsvinkelen er retta mot trafikanter-perspektiva; **kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og motiv**. Dette skal byggast opp i eit «vugge-til-grav-perspektiv», slik at ulike aldersgrupper vert inkludert. I tillegg skal fysiske trafikksikkerheitstiltak utgreiast, prioriterast og gjennomførast innanfor nærare definerte rammer.

Målet med prosjektet vil vere samanfallande med det nasjonale målet;

null drepne og null hardt skadde.

Ved å framheve trafikanteratferd som ein sosial aktivitet der alle har ansvar i fellesskapet vil ein understøtte sjølvregulerande atferd, både hjå den einskilde og i grupper. Det skal vere aksept for å melde frå om forsøk på, eller utføring av uønskt atferd – fordi me bryr oss om kvarandre.

Prosjektet føreset at talet på meldingar til politiet aukar.

Prosjektet føreset at politiet fortsatt har høgt fokus i kommunen.

Gjennom prosjektet skal ungdom lære og erfare at høgenergiulykker er livsfarlege. Fokus skal vere samanhengen mellom rus, fart og sikringsutstyr. Gode haldningar må underbyggjast og dårlege haldningar møtast med motargument tilpassa ungdomens plattform.

Når prosjektperioden på 3 år er over skal kommunen ha ei plattform for førebyggjande trafikksikkerheitsarbeid som er sektorovergripande og er synleg i kommunen sine tenesteområder.

Kommunen skal vere sertifisert som *trafikksikker kommune* gjennom eit samarbeid med Trygg Trafikk.



3 Rammer

3.1 Lovgrunnlag

Kommunal planlegging skal ivareta mange omsyn, og i samband med trafikksikkerheit er nokre oppgåver frå plan- og bygningslova §3-1 i utdrag;

- a) sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnsmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses
- e) legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet
- f) fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet
- h) fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.

Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.

3.2 Økonomi

Dei økonomiske rammene i prosjektet er ikkje avklara.


Pr. 31. desember 2014 er det mottatt kr. 200.000,- frå Hordaland fylkeskommunen til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan.

Tildelte midlar skal prioriterast til å opprette prosjektstilling for å koordinere einingar og etatar og igangsette konkrete handlingar og arrangement retta mot målgruppene. Kompetanseheving er essensielt, og ressurspersonar vil dele kunnskap for å dele kunnskap og erfaringar. Lokal tilpassing vil verte utarbeidd i tverrfaglege og tverretatlege grupper.

4 Rapportering og avviksbehandling

Bestiller/prosjekteier skal redegjøre for hvilken form for rapportering og avviksbehandling som skal utføres, men som minimum er rapportering annenhver måned for fremdrift, kvalitet og økonomi.

5 Organisasjon



Ressursgruppa skal innehalde personar frå offentleg sektor; politi, ambulanse, brann, helseteneste (rus, helsestasjon, traume, osv...), prest, vegvesen, skule, trygg trafikk, sivilforsvaret. Andre?

Frå frivillig sektor; Ungdomsrådet , røde kors, Natteramn, andre ungdomsorganisasjonar, pårørende, eldsjeler, gravferdsbyrå, trafikkskule. Andre?

I ressursgruppa er tanken at det vert danna temagrupper tilpassa dei oppgåvene som skal løysast.

Det vil også vere behov for intern og ekstern informasjon; mediehandtering, kommunikasjon og informasjonsformidling. Media – både lokalpresse og kommunen si eiga nettside vil vere viktige informasjonskjelder. I tillegg vil sosiale medier som Facebook vere viktig.

5.1 Tverrfaglig

Prosjekteigar er ansvarleg for at prosjektet vert gjennomført og at styringsgruppa er orientert om framdrift, budsjett og økonomi.

Prosjektleder er ansvarleg for å organisere prosjektet og for framdrift til milepæler, framdriftsrapportering, budsjett, økonomi og avvikshandtering/endingar. Prosjektleder er ansvarleg for oppretting og drift av ressursgruppe, og ev. andre grupper som prosjektet vil nytte.

Deltakarane i prosjektgruppa er ansvarleg for tiltak innanfor eige eining, samt tilrettelegge for deltaking i ressursgruppa.

5.2 Ressursar

Tabellen nedenfor viser eksempel på de enkelte prosjektmedarbeiders planlagte engasjement, uttrykt som antall månedsverk/ukeverk.

Navn	Rolle	Ukeverk
Ann Kristin	Prosjektleder	?
Willy-Andrè ??	Prosjektgruppe	?
Solrun	Prosjektgruppe	?
Gjertrud	Prosjektgruppe	?
osv.		

5.3 Informasjon og møter

I dette kapitlet redegjøres det for intern og ekstern møtestruktur, de forskjellige møtenes mandat, hvem som er ansvarlig for referatskriving i møtene, hvordan/til hvem distribueres de forskjellige referatene. Videre kan kapitlet innehold infoplaner evt. spesielle rutiner knyttet til info og kommunikasjon.

6 Økonomi og framdrift

Kommunen vil vere avhengig av å søkje om tilskott til ulike deler av trafikksikkerheitsarbeidet. Det er ulike tilskottsordningar – Regjeringa, Fylkeskommunen, Trygg trafikk og Gjensidigestiftelsen har alle tilskottsordningar som i større eller mindre grad yter tilskot. Økonomisk dekning til dei ulike delane av prosjektet må fylgjast opp med søknadar etter kvart som søknadsfristane kjem, og tiltaka må prioriterast og igangsettast etter kvart som dei økonomiske rammene vert avklara.

6.1 Budsjett

I dette kapitlet beskrives artsinndelt budsjettet samt forutsetninger for dette (eksempelvis fremdrift, grunnforhold, miljøforhold, markedsbetraktninger, mv.)

Budsjettet i kap. 7.1 er såleis foreløpig, og vil endrast etter kvart som finansiering vert klar.

7.1 Budsjett

	2015	2016	2017
Prosjektstilling 50%	400000	350000	350000
Møteplassar	100000	50000	50000
Kommunal eigeninnsats	500000	500000	500000
Samlingar ressursgruppe	40000	20000	15000
Kompetanseheving	50000	25000	25000
Arrangement innbyggjarar	100000	100000	100000
Sum pr. år:	1190000	1045000	1040000

Totalsum for 3 år

3275000

6.2 Tidsplan

Tidsplanen skal inneholde aktiviteter og milepæler samt tilhørende budsjett og ansvar for disse. Tidsplanen skal være såpass detaljert at prosjekteier enkelt forstår hovedelementene i hvordan arbeidet i plan- eller byggefasen er lagt opp.

7 Prosjektdeler

Kommunen skal ha eit heilskapleg fokus og tilnærming til trafikksikkerheitsarbeidet. Konseptet trafikksikker kommune som Vaksdal har intensjonsavtale med Trygg trafikk om å nå inneheld ei rekkje kriterier som inneber at kommunen må fylgje opp i fleire av einingane. Dette gjeld spesielt for utarbeiding av planar, og kompetanseutvikling og fagtilbod innan oppvekst – barnehagar og skule.

7.1 Trafikksikkerheitsarrangement

Arrangement for 9-10-klasse (++) og eventuelt eldre ungdomar som er i bygda. Fokus høgenergiulykker og rus. Dropp av bil frå mobilkrane, hurtigfrigjering og redningsarbeid. Oppsummering/debriefing med naudetatar og andre aktuelle. Bruk av pårørande, tilpassa aldersgrupper. Oppsummering/debriefing vil mogeleg føregå i ein tredeling av publikum; ungdom, eldre ungdom og foreldre. Fordi desse målgruppene har ulik motivasjon og tilnærming til utfordringane.’

7.2 Trafikk «sikringsplan»

Rullere gjeldande trafikksikringsplan.

7.3 Oppvekst

Arbeide fram barnehagar og skular til godkjent *trafikksikker barnehage* og *trafikksikker skule*.

7.4 Helsestasjonen

Helsestasjonen vil ha fokus på sikring av born i bil (og ev. bruk av refleks) og kan etter behov arrangere tilstellingar for foreldre innan aktuelle tema. Dette kan involvere andre offentlege etatar, så som statens vegvesen og politi.

7.5 Ungdomsarbeid

Temakvelder og/eller andre innfallsportar i miljøet. Vaksenengasjement som natteramnar og spesiell innsats mot særskilde miljø. Bruk av pårørande og andre sterke verkemiddel. Metodikk frå Sei ifrå, for å bygge haldningar i miljøet rundt sær belasta personar.

Ungdomsrådet i kommunen vil vere ein viktig medspelar for å avklare behov og gjennomføring.

7.6 Ressursgruppa

Ressursgruppa er breitt samansett med bidragsytarar frå offentlig, privat og frivillig sektor. Den skal vere samansett med rett kompetanse og ha ressursar til å bidra med nødvendig innsats for å utføre tiltak innanfor planen. Dette vert ein ressursbank der dei einskilde prosjektdelane kan finna ressursar/kompetanse tilpassa det eller dei aktuelle tiltaka.

7.7 Dalekunst

Kulturskulen vil gjennom *dalekunst* prioritere tema knytt til trafikksikkerheit i 2015.

8 Kvalitetsstyring

Gjennom prosessen frå utarbeiding av planar til gjennomføring og evaluering skal det leggjast til rette for medverknad, slik at forankring, evaluering og justeringar vert i samråd med både faglege, politiske og brukarorienterte prioriteringar.

Kommunen vil søkja eit utstrakt samarbeid med kommunar som har tilsvarande tiltak og erfaringsgrunnlag, slik at rett kvalitet kan verte valt.

8.1 Kontrollplan

I kontrollplanen føres det opp prosesser, aktiviteter eller produkter som skal underkastes kontroll, hvilke krav/mål det skal kontrolleres i forhold til, hvem som skal utføre kontrollen samt hvordan kontrollen skal dokumenteres. I Håndbok. 151 er det vist eksempel på kontrollplan i vedlegg 7.

For alle byggherrens vesentlige arbeidsoperasjoner skal det utarbeides kontrollplaner som del av prosjektets kvalitetsplan. Kontrollplanene skal angi følgende:

- * Hva som skal kontrolleres
- * Krav som skal oppfylles
- * Kontrollfrekvens
- * Hvem som er ansvarlig for å utføre kontrollen
- * Krav til dokumentasjon

Omfang av og hvem som er ansvarlig for kontroll (her kan inngå egenkontroll, sidemannskontroll, utvidet kontroll, tverrfaglig kontroll) og godkjenning skal gå klart frem av kontrollplanen. Kontrollplanene skal til enhver tid være til vurdering ut ifra erfaringer som gjøres underveis.

Det skal dokumenteres at kontrollen er utført ved kvitteringssignatur på kontrollplanen eller på annen måte (sjekklister, dagbok mv).

8.2 Endringsstyring

Det er en kjensgjerning at det i et prosjekt oppstår mange større og mindre endringer og avvik. Det er svært viktig å ha gode rutiner for hvordan endringer og avvik skal håndteres når/hvis de oppstår. Slike rutiner redegjøres det for i dette kapitlet.

- * Det er laget rutiner for endringsstyring. Det henvises til hvor disse finnes
- * Bør legges ved

8.3 Overtakelse

Innarbeiding i eksisterande organisasjon.

8.4 Overlevering

Krav og rutiner.

9 Erfaringsoverføring

10 Vedlegg

Ressursgruppa

Sektor	Meir....	Namn	e-post	telefon	
Kommune					
	Brannsjef	Arild Nottveit	Arild.nottveit@vaksdal.kommune.no		
	Brannvern	Brede			
	Samfunnsutvikling	Ole Jonny Domben			

Prosjektskisse for haldningsskapande trafikksikkerhetsarbeid

Vaksdal kommune



Ingen å miste

Null drepne, null hardt skadde

August 2014
Eining for samfunnsutvikling

Grunnlag for søknad

Vaksdal kommune vil setje i gang eit prosjekt for haldningsskapande arbeid innan trafikksikkerheit. Både politisk- og administrativt i kommunen er det stor semje om dette.

Kommunen vil arbeide på to frontar:

- A. Arrangement retta mot 10-klasse og eldre ungdommar.
- B. Direkte mot ungdomsmiljø

Filosofien bak dei to arbeidsmåttane er kjent og velprøvd. Det handlar om å forene teori og praksis, byggje opp under gode haldningar i grupper, skape aksept for å setje grenser og å sei ifrå.

Det er etablert kontakt med andre kommunar og statlege organ som vil bidra både med erfaringsoverføring og med praktisk kompetanse for å kome i gang med arbeidet.

Kommunen ynskjer å avsetje ½ årsverk dedikert til å planlegge, igangsette, gjennomføre dette prosjektet, samt implementere¹ det i organisasjonen slik at det etter 3 år er ein del av ansvarsområde. Dette skal då vere ei plattform for førebyggjande trafikksikkerheitsarbeid som skal vere synleg i både i kommunen sine arbeidsområde og for innbyggarane, gjennom syklusen; Helsestasjon-barnehagar-skule-ungdomsskule-ungdomsarbeid-vaksne.

Kommunen søker om NOK 1,5 mill fordelt på 3 år til prosjektstilling ½ årsverk, samt til innleige av utstyr og frikjøp av ressursar. Eigen kompetanseoppbygging vil vere prioritert høgt i startfasen.

Prosjektskissa syner korleis kommunen tenkjer seg oppbygning og innhald i arbeidet.

Innhald

Innhald

1. MÅL OG RAMMER.....	3
2. OMFANG OG AVGRENSNING	6
3. ORGANISERING.....	8
4. AVGJERDSPUNKTER, OPPFØLGING OG MILEPÆLER	9
5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING	10
6. GJENNOMFØRING.....	10
7. ØKONOMI	10
8. KONTRAKTER OG AVTALER	10
9. VEDLEGG	11
1. Om Sei ifrå- kampanjen.....	11
2. Dreiebok russearrangement:	13
3. Nylege mediaoppslag, 21. august 2014	17


¹ Implementering inneber også oppfølging med evaluering, korrigerings og videreføring.

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Vaksdal kommune er svært belasta med svært mange og alvorlege ulykker spesielt knytt til E16 og Rv564.

På E16 er det mykje gjennomgangstrafikk. Standarden er svært låg i høve til trafikkmengda, og i media er den omtala som «dødsvegen». Heilt sidan «stamvegen til Voss» opna i 1991 har alvorlege og fatale ulykker ramma lokalbefolkningen i Vaksdal hardt. Saman med Fv 569 retning Stamnes utgjer den i hovudsak lokalvegnettet i kommunen. I løpet av første halvår 2014 har kommunen mista to unge gutar, ein på E16 og ein på Fv 569.



Kartutsnitt for Vaksdal kommunen, trafikkuulykker 2004-2014 (kjelde: Statens vegvesen)

Ulykkene rammar både i gjennomgangstrafikken og lokalt. Det er spesielt mange lokale ungdomar som har vore involvert. Ulykkene har ulik karakter, men fleire alvorlege ulykker kan knytast til rus, fart og bruk av sikringsutstyr.

Vaksdal kommune har ingen å miste, og ynskjer å prioritere haldninsskapande trafikksikkerheitsarbeid. I prosjektfasen vil opparbeiding av kompetanse, samarbeid og

implementering av rammeverk og rutinar for å nå dette målet ved felles innsats både frå kommunen og innbyggjarane i kommunen. Andre offentlege etatar og interessentar vil også medverke og delta aktivt.

1.2 Effektmål

Målet med prosjektet vil vere samanfallande med det nasjonale målet;

null drepne og null hardt skadde.

Ved å framheve trafikantatferd som ein sosial aktivitet der alle har ansvar i fellesskapet vil ein understøtte sjølvregulerande atferd, både hjå den einskilde og i grupper. Det skal vere aksept for å melde frå om forsøk på, eller utføring av uønskt atferd – fordi me bryr oss om kvarandre.

Prosjektet føreset at talet på meldingar til politiet aukar.

Prosjektet føreset at politiet fortsatt har høgt fokus i kommunen.

Gjennom prosjektet skal ungdom lære og erfare at høgenergiulykker er livsfarlege. Fokus skal vere samanhengen mellom rus, fart og sikringsutstyr. Gode haldningar må underbyggjast og dårlege haldningar møtast med motargument tilpassa ungdomens plattform.

1.3 FoU mål

Når prosjektperioden på 3 år er over skal kommunen ha ei plattform for førebyggjande trafikksikkerheitsarbeid som er sektorovergripande og er synleg i kommunen sine tenesteområder.

Kommunen skal vere sertifisert som «trafikksikker kommune». Dette inneber at kommunen oppfyller Trygg trafikk si godkjenningssordning:

Slik lykkes din kommune med trafikksikkerhet

For å lykkes med kommunalt trafikksikkerhetsarbeid må arbeidet skje i flere av kommunens etater, som må være bevisste på sitt ansvar. I tillegg må trafikksikkerhetsarbeidet forankres i den politiske og administrative ledelsen.

Viktige roller og aktører

+ Ordfører

+ Rådmann

+ Plan og forvaltning

+ Helse- og omsorg

+ Teknisk og drift

+ Oppvekst

+ Kultur og miljø

1.4 Drivere

Haldningsskapande arbeid med tverretatleg samarbeid, til dømes; Brann, politi, ambulanse, helsestasjon, prest, Statens vegvesen, Trygg trafikk, osv.

Arrangement som forener teori og praksis, inkludert pårørande, prest osv

Målretta mot spesielle grupper, men også arrangement for 10-klasse++. Alle tenestoområde og politisk nivå skal vere involvert og det skal vere ei felles administrativ plattform.

Når dei økonomiske rammene for prosjektet er kjend må prosjektskissa reviderast/konkretiserast og formast med tanke på måloppnåing og tilgjengelege ressurspersonar. Ulike faggrupper må konkretisere meiningsfulle drivere.

1.5 Rammer

Prosjektet har tidsramme på 3 år. Etter dette vert forutsett at prosjektet vidareførast permanent i organisasjonen. Dei første haldningsskapande arrangementa skal gjennomførast i første halvår 2015, innanfor ramma av omsøkte/tildelte midlar.

Tildelte midlar skal prioriterast til å opprette prosjektstilling for å koordinere einingar og etatar og igangsetje konkrete handlingar og arrangement retta mot målgruppene. Kompetanseheving er essensielt, og ressurspersonar vil dele kunnskap for å dele kunnskap og erfaringar. Lokal tilpassing vil verte utarbeidd i tverrfaglege og tverretatlege grupper.

2. OMFANG OG AVGRENSNING

Prosjektet skal ha flere parallelle løp.

- A. Retta mot oppvekst. Arrangement for 9-10-klasse (++) og eventuelt eldre ungdommar som er i bygda. Fokus høgenergiulykker og rus. Dropp av bil frå mobilkrane, hurtigfrigjering og vekktransport. Oppsummering/debriefing med naudetatar og andre aktuelle. Bruk av pårørande, tilpassa aldersgrupper. Oppsummering/debriefing vil mogeleg føregå i ein tredeling av publikum; ungdom, eldre ungdom og foreldre. Fordi desse målgruppene har ulik motivasjon og tilnærming til utfordringane.'




- B. Retta mot grupper i ungdomsmiljø. Temakveldar og/eller andre innfallsportar i miljøet. Vaksenengasjement som natteramnar og spesiell innsats mot særskilde miljø. Bruk av pårørande og andre sterke verkemiddel. Metodikk frå *Sei ifrå*, for å bygge haldningar i miljøet rundt sær belasta personar.

- C. Kultur: *Dalekunst* har ein Street art-profil, og elevane har kvart år jobba med konsept og politisk budskap. Om desse tiandeklassingane får trafikkisikkerhet som tema for dette skuleåret og må drive research sjølv, vil dei få eit ganske djuptgripande eigarskap til trafikkprosjektet. Det vil få ei heilt anna nedslagskraft enn ei kampanje laga av «dei vaksne». Det kan såleis bli ei ungdomsrørsle for tryggare trafikk og eit tema dei vil bry seg sterkt om.

Ungdomsrådet i kommunen vil vere ein viktig medspelar for å avklare behov og gjennomføring.

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektleiing



Det er forutsett ei matriseorganisering mellom oppvekst og helse, då målgruppene er delvis samanfallande. Det er også hensiktsmessig at ressursgruppa er felles.

3.2 Ressursgruppa

Ressursgruppa skal innehalde personar frå offentleg sektor; politi, ambulanse, brann, helseteneste (rus, helsestasjon, traume, osv...), prest, vegvesen, skule, trygg trafikk, sivilforsvaret. Andre?

Frå frivillig sektor; Ungdomsrådet, røde kors, Natteramn, andre ungdomsorganisasjonar, pårørende, eldsjeler, gravferdsbyrå, trafikkskule. Andre?

I ressursgruppa er tanken at det vert danna temagrupper tilpassa dei oppgåvene som skal løysast.

3.3 Øvrige roller

Det vil også vere behov for intern og ekstern informasjon; mediehandtering, kommunikasjon og informasjonsformidling. Media – både lokalpresse og kommunen si eiga nettside vil vere viktige informasjonskjelder. I tillegg vil sosiale medier som Facebook vere viktig.

4. AVGJERDSPUNKTER, OPPFØLGING OG MILEPÆLER

4.1 Avgjerdspunkter

Dato:	Kva:	Kven:	Avgjerd:	Frist:
Des -14	Innvilga midlar	Ordførar, rådmann, delprosjektleiarar		

4.2 Oppfølging

Statusmøter: *eksempel*

Dato:	Planlegging	Status	Evaluering

Set kryss for type møte (planlegging, status eller evaluering)

Møter skal ha møtereferat med krav til oppfyljingsansvar.

Det vil vere behov for orienteringsmøter, planleggingsmøter, arbeidsmøter og evalueringar.

4.3 Milepæler

Eksempel

Dato:	Milepæl:	Ansvar:
31. august 2014	Søknad om midlar sendt	Ordførar
31. oktober 2014	Politisk forankra i kommunestyre	Rådmann
31. oktober	Intern organisering avklara	Rådmann
30. november	Ressursgruppe sett saman	Rådmann
31. desember 2014	Midlar innvilga. Intern omfordeling av ressursar avklara og ev. ekstern ny kompetanse utlyst.	Rådmann
28. februar 2015	Tiltak mot ungdomsmiljø, for eksempel temakvelder gjennomført og evaluert.	Solrun
30. juni 2015	Arrangement (A.) gjennomført	Ann-Kristin

Milepælsplanen vil måtte justerast etterkvart som prosjektet får fast forankring og klar ressursfordeling.

5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

Risikoanalyser og eventuelt «sikker-jobb-analyser» vil verte gjort under planlegging av dei enkelte bolkanane i programmet.

6. GJENNOMFØRING

Detaljert aktivitetsplan vil verte utarbeidd av prosjektkansvarlege.

7. ØKONOMI

For å starte prosjektet treng kommunen ½ årsverk i 3 år, samt leige av utstyr, frikjøp av noko eksterne ressursar til deltaking og gjennomføring av arrangement. Kommunen treng anslagsvis 1,5 mill fordelt over 3 år. Kommunen vil sjølv ta del med andre involverte kommunale funksjonar (brann, helse, lokaler, opprydding osv, osv). Kommunen føreset då at statlege bidrag vert dekkja av eigne midlar, for politi, vegvesen og andre som har trafikksikkerheitsarbeid innan sitt ansvarsområde.

7.1 Budsjett

	2015	2016	2017
Prosjektstilling 50%	400000	350000	350000
Møteplassar	100000	50000	50000
Kommunal eigeninnsats	500000	500000	500000
Samlingar ressursgruppe	40000	20000	15000
Kompetanseheving	50000	25000	25000
Arrangement innbyggjarar	100000	100000	100000
Sum pr. år:	1190000	1045000	1040000

Totalsum for 3 år

3275000

8. KONTRAKTER OG AVTALER

Kommunen har vore i dialog med fleire offentlege etatar som alle har vore svært villege til å stille opp for kommunen i dette arbeidet. Internt er også forståinga av kor viktig og nødvendig dette arbeidet kan vere, og motivasjonen for å ta del i dette arbeidet er stort.

Sist i vedlegg 9 er reportasje frå lokalavisa Vaksdalposten, som syner at innbyggjarane også har stort engasjement for saka.

Lindås kommune, som har svært mange likheitstrekk med Vaksdal på dette området, har sagt ja til dele kunnskap og erfaring med oss. Dette vil lette igangsettinga.

Filosofiane bak det haldningsskapande arbeidet Vaksdal no vil i gang med er velkjend og utprøvd. Det vil vere viktig å hente kunnskap og erfaring i etablerte miljø og tilpasse dette til lokale forhold. Fleire vektige aktørar kan hjelpe kommunen med dette.

9. VEDLEGG

1. Om Sei ifrå- kampanjen

(<http://www.vegvesen.no/Trafikkinformasjon/Trafikksikkerhet/Trafikksikkerhetskampanjer/lokale-kampanjer/Sei+ifr%C3%A5!/sei-ifr%C3%A5>)

Ungdom tar ansvar

Kampanjen bygger på at ungdomar flest er positive og fornuftige menneske, som skjønner farane ved risikofylt kjøring. Det er eit mindretal som gjennom sin atferd medverkar til risikofylt kjøring med bil. "Sei ifrå!"-kampanjen sin viktigaste oppgåve er derfor å støtte opp om at det er heilt ok å seie ifrå og å medverke til at det er lov å gjere det. Føremålet er å få fleire til å sette grenser for kva dei ønskjer/ ikkje ønskjer å vere med på. Ungdommen sitt eige sosiale nettverk vil deretter leggje press på sjåførane sin kjøreatferd.

Kontroll og informasjon i samspel

Kampanjen inneheld både kontrolltiltak og informasjon med budskapet "Sei ifrå!", der passasjerane vert oppmoda om å seie ifrå når mellom anna farten vert for høg. Informasjonen består av kortfilm, t-skjorter og anna materiell. Filmen blir vist på TV, kino, skular og på kontrollar ute på vegen.

"Verstingane" på vegen



Overfor ei mindre gruppe med såkalla "verstingar" er det berre politikontroll og inndraging av førarkortet som nyttar, i følgje kampanjen sin "filosofi".

Evaluering av kampanjen sei ifrå

(<https://www.toi.no/publikasjoner/virker-sei-ifraa-filosofien-utvikling-i-antall-skadde-og-drepte-ungdommer-i-bil-i-hordaland-og-sogn-og-fjordane-article19273-8.html>)

"Sei ifrå!"-kampanjen kombinerer intensivert kontrollvirksomhet på vei rettet mot ungdom med å spre budskapet om å "Sei ifrå!". Etter at "Sei ifrå!" kom i gang i Hordaland og etter at kontrollvirksomheten på vei ble intensivert i Sogn og Fjordane, har det skjedd en signifikant reduksjon i antall hardt skadde og drepte ungdommer i bil på 25 %. Den samfunnsøkonomiske nytteverdien ved denne reduksjonen er beregnet til å være i underkant av 400 millioner kr etter at kostnadene ved tiltaket er trukket fra. I fylker som gjennomfører kampanjen med mindre vekt på kontrollvirksomhet på vei er det ingen sikre tegn på en reduksjon i skadetall for ungdom i bil etter at kampanjen startet. Resultatene tyder dermed på at det er nødvendig å kombinere budskapet om å "Sei ifrå!" med (og legge hovedvekten på) intensivert kontrollvirksomhet på vei.

«Sei ifrå» kampanjen er retta mot to grupper; ungdom og vaksne. Vinklingen mot ungdomsgruppa er:



Diskusjon:

Kvifor er det slik?

Diskusjon:





Kva bør gjerast?
Kva kan de gjera?

Gravtadsen i "Sei ifrå - Skolefor"

Sei ifrå!

Et utvalgt prosjekt med slogan "Sei ifrå - Skolefor" som bygger på de gravtadsen som er:

- Samarbeid med skule og ungdomsgruppe
- Ei skolefor eller for den enkelte trafikksikkerheitsarbeid



Beskrivelse av gravtadsen

Sei ifrå - Skolefor

Sei ifrå - Skolefor

Sei ifrå - Skolefor

Lege og helsearbeid

Sei ifrå!

2. Dreiebok russearrangement:

*Trafikk faglig samarbeidsutvalg Nordhordland
Brann – Politi – Ambulanse – Trygg Trafikk
Tverrfaglig samarbeid øker kompetansen*

RUSSEARRANGEMENT 24.04.2014_oppdatert etter møte 09.04.14

Rigging og de første sleppene starter kl 08.00 Ansvaret: Brann
Slippene i forkant skjer dagen før (TAS 4) – øvelsesbilen
Avtal at kranebil kan være der til kl 0900.. den 24. april.
Trekker opp en bil som skal henge der når elevene kommer.

Frokost ca. kl. 09.00 på folkehøgskolen i "Vetlastovo".

Kl 11.00
Kort briefing på "skadested" brann, politi, ambulanse.
Scenario:
1 bil har kollidert, 2 personer er involvert,
1 person er hardt skadet
1 person er livløs «anne dukke».
«Anne dukk» sitter i høyre sete, livløs, taes ut av bil, det gjennomføres
hjerte/lungeredning i ca 6 minutter og avsluttes på stedet, dukke dekkes til med teppe.
Begravelsesbyrå kommer med bil, dukke blir lagt i en «bodybag» og bæret/trilla til bilen.
Kommuniserer med redningspersonell.

Begravelsesbyrå må få utlevert samband Ansvaret: Svein-Åge

Bestille buss for elevene (arr. start kl 11.30) Ansvaret: Svein-Arne
Busser er bestilt

Bestille kranbil + bilar for bruk til slepp Ansvaret: Nils
Kranbil er bestilt – mulig kranbilen kan komme til kl 10.00

TV-dekning av innedelen(nrk, tv2) Ansvaret: Glenn Ulrik
⌘Eventuell filming av arrangement må informeres om
ved utedelen ⌘

Parkeringsplassen ved folkehøgskolen må sperres av kvelden i forveien.
Ansvaret: Brann

Det må være trafikkdirigering når elevene kommer til folkehøgskolen.
Ansvaret: Politi

Området der redningsdemo skal foregå må tydelig merkes og sikres med
merkebånd. Ansvaret: Politiet

Start kl. 11.30

Demo starter med at speaker ønsker velkommen og forteller litt om bakgrunn for
arrangementet. Fakta om trafikkulykker, hvor mange som skades og som omkommer i
trafikken i Nordhordland hvert år Ansvaret: Nils

Pasienter som er våkne sitter i den stilling som er best for pasient, bevisstløse legges i stabilt sideleie slik at oppkast kan renne fritt ut og ikke kommer ned i luftveiene

Husk at redningen må skje opp mot elevene.

Demo avsluttes når pasientene er kommet på bære/ i ambulanse hjerte lungeredning er avsluttet

Skadestedet åpnes for publikum, mulighet for å se skadestedet og stille spørsmål til mannskapene, ikke "pakk" sammen utstyr før publikum går innendørs.

Program inne (starter ca. kl. 12.30):

Åpning

Video, TSU film (siste)

Video, Dødskrasjet

Video, Heaven can wait

Innslag 1. Nh folkehøyskole, musikk

Innslag 2. Einar Vatne (Velkommen)

Innslag 3. Hallgeir Berge, ulykke i Gudvangatunellen

Innslag 4. Politi, brann, ambulanse ved Helge Bærland

Innslag 5. Video, Holmås

Innslag 6. Maud og Ivar Holmås

Innslag 7. Prest Rune Minde

Innslag 8. Nh folkehøyskole, musikk

Avslutning. Video, Når alt er over

Takk for oppmøte v/Svein Arne

Beskrivelse av programmet:

Når elevene er kommet inn i salen dempes all belysning slik at salen er mørk.

På scenen er det tent 1 Spotlight som har fokus på den/de som står ved mikrofon.

Det er stille noen sekunder, så starter videoene.

Når video nr 2 avsluttes, går musikerne på scenen.

De som skal medvirke går på scenen i oppsatt rekkefølge uten at det blir annonsert. (Dette må det informeres om til de som skal medvirke!)

Svein-Arne har kontakt med Maud og Ivar Holmås
Reidar har kontaktet Jon Kenneth Heltne på epost, avventer svar,

Beredskap (Innedel)

Det har vært hendelse med besvimelse under
Følge opp

Ansvar: Svein-Arne

Annet:

Henge opp reklameseil
Merkemateriell

Ansvar: Nils
Ansvar: Politiet

Bilder/Video, muligens Inge kommer for å ta bilder –
evt tar alle som har mulighet bilder underveis

Regulere oppstillingsplass for elevene / demo / slipp
Elevene plasseres innenfor gjerdet ved fotballbanen.

Ansvar: Nils

Innsatspersonell kan dersom de har tid være med på programmet inne.

Underholdning ("innedelen"):

Nh.Folkehøgskole stiller med underholdning

Ansvar: Reidar

Annet:

Test og rigging av lydanlegg inne. (23. April)
Hallgeir Berge kommer kl 19.00

Ansvar: PAP, Reidar
Svein-Åge og Cathrine

Test av anlegg ute (lånt av Alversund ungdomskl.)
Vi må bestemme oss for hvilken bil som skal brukes, IUA?

Ansvar: Nils

Dersom noen elever ønsker å prate / søke råd, kan de henvende seg til uniformert
personell.

Alle som har uniform ikler seg denne.

Bestilling av frokost, snitter, kaffe, te, brus.

Ansvar: Reidar

Antall til frokost: 25 personer

Antall etter arrangement: 25 personer

Ansvar: Alle(meld tilbake hvem som kommer til Reidar)

Kjøre inn blomster til innleggsholdere
8 blomster (alle like)

Ansvar: Jakob/Cathrine

kl 13.30 Mat etter arrangement i "Vetlastovo"

Gjesteliste mat etter arrangement:

Lydtekniker fra PAP

Rune Minde

Hallgeir Berge

2 fra Gjensidigestiftelsen (Helge Bærland+1)

2 fra Vatne begravellesbyrå

Sigvald Kvinge

Ivar og Maud Holmås

8 stk TSU-medlemmer

3. Nylege mediaoppslag, 21. august 2014

6 / VAKSDALPOSTEN / TORSDAG 21. AUGUST 2014

► / NYTT

Ungdom og farefull køyring: - Må ta tak i problemet

- Det nyttar ikkje med peikefinger og kjefting. Me må våga å snakka saman for å få ei bevisstgjøring både blant ungdom og hos dei som er rundt ungdommane våre, seier Stefano Giusti.

✉ Anne Rivenes
ar@vaksdalposten.no

I løpet av første halvår har Vaksdal kommune mista to unge menn i trafikkuulukker. Også tidlegare år har lokale ungdommar mista livet på vognane. I tillegg kjem meldingar om ungdomsbilar som held høg fart og om alkoholpåverka køyring. Som småbarnsforeldre på Stanghelle kjemner Line og Stefano Giusti seg ume over det som skjer.

Nært og skremmande

- Etter at me har blitt foreldre, tenkjer me meir framover og på miljøet borna våre skal voksa opp i. Eg er ikkje skislett på om det er annleis i vår kommune enn andre stader, men når me registrerer at det er ulukker og dødsulukker der lokale ungdommar er involvande, vert det ei reell problemstilling, seier Stefano Giusti.

Han jobbar til vanlig i Utekontakt i Bergen kommune, med ferebygginge ungdomsarbeid.

Speleregler

Frå huset på Stanghelle ser det godt kva som skjer både på brua, på kaien og på vegen, og det legg merke til både høg fart og anna uvetting køyring.

- Å ha bil og å køyra rundt er det ikkje noko gale med. Bil er ei fritidsinteresse på line med andre, men ein må følgje spelereglane. Det ser me at ikkje alle gjer, og då handlar det mest om fart, seier Giusti.

Eit nær eksempel på problematikken ser han i etje naboar.

- Agnavika er ein plass der også ungdommar treffast sosialt, og det synest og det skal fortsetja med. Men og ser jo at somme køyrer full pinnen frå det svingar av til det stoppar her nede, og dette er ein uoversiktleg stad der mykje folk ferdist, seier Giusti.

Trengst endring

For å koma råkøyring og promillekøyring til livs, må det ei kraftig haldningsendring til.

- Det må skje ei bevisstgjøring både blant ungdom og blant dei som er rundt ungdommane våre. Då tenkjer og både foreldre og kommune, slik som skule, oppvekststat og politikarar, i tillegg til naboar og lokal-samfunn. Me voksne må vera voksne, seier Giusti.

Stærkt gjort

Han understrekar at «ungdom har lov å bli vit på betna», men det må veta kvar grensa går, og det må alle voksne hjelpe til med.

- Me må snakka om ting og vera opne. Og eg vil stærkt berømma foreldreparet som mista sonen sin i sommer, som gikk ut i BT på den måten det gjorde. Det har open for at me kan og bør ta den viktige debatten. Eg trur nok det det sa påverka veldig mange, seier Giusti.

Karen Tveterås og Ørjan Olsen, som mista sonen Anders i ei utforkøyring, ønskjer at hendinga kan føra til ei haldningsendring, slik at gjete fleire familiar skal oppleva same sorga.

Haldning og handling

For det handlar til sjuande og støt om kvar einstkild sitt ansvar.

- Ein kan snakka om dårlege vogar, men me har det vognane me har, og det me kan gjera noko med er korleis me oppfører oss i trafikken. Det er kvar einstkild av oss som bestemmer oss for om me vil køyra for fort eller i alkoholpåverka tilstand. Då må me leggja til rette for at ungdom tek dei rette vala, seier Giusti.

Erfaring frå ferebygginge ungdomsarbeid gjer at han tilrår å retta innsats direkte mot risikogrupper, nemleg unge menn. Dessutan bør innsatsen koma frå fleire hald samstundes. Når ein parallelkøyrer offentlege haldningskampanjar mod auka politikkontrollar og felles foreldreinnsats, vil det gje resultat, meiner Giusti.

► **DEBATT:** Stefano Giusti er uros for det han høyrer om og ser når det gjeld råkøyring i kommunen. Det er på tide å ta diskusjonen om hva som må gjerast, meiner han.



Ønskjer å oppnå ei haldningsendring

Familien til Anders Olsen Tveterås har fått mange tilbakemeldingar etter at dei i BT oppmoda om eit oppgjør med haldningane i ungdomsmiljøet når det gjeld fart og promille.

✉ Anne Rivenes
ar@vaksdalposten.no

Natt til 21. juni mista 18 år gamle Anders Olsen Tveterås livet etter å ha køyrt bil med promille. Ein måned etter stod familien fram i Bergens Tidende, for å åttvare andre ungdommar og foreldre mot råkøyring. Dei ønskjer eit oppgjør med det dei meiner er ein ukultur blant ungdom i Vaksdal. Etter



► **SORG:** I løpet av fjå år har Vaksdal mista fleire ungdommar i trafikkulukker. (Arbystro)

ulukka fekk det nemleg vitta at det er ein trend å køyra bil når ein har drukke, og at det elles gjerne handlar om å køyra fort. Dette er informasjon som bør koma ut til

alle foreldre i kommunen, meiner det, slik at ein kan ta tak i problemet.

Prata saman

- Korleis har tilbakemeldingane vore etter at de gikk ut i BT?

- Me har fått mange tilbakemeldingar. Eg sjelv har ikkje vore i Gatå enne, men når Ørjan har gått der, har folk kome bort til han og sagt at det var tøft gjort at me har vore så utrygge. Ein får takka ekstra for at me klarte å snakka om andre stene ungar når vår eigen son er død, fortel Karen Tveterås.

Også via andre, som til dømes tilsette i bognrvelsesbyrået, har dei høyrte at saka har engasjert mange stærkt. Og ikkje berre lokalt. Folk i Bergen og frå Austlandet har bode om å få avisartikkelen tilsendt, for å ha den som utgangspunkt for å snakka

med ungdommane sine.

Tankevekkar

- Ein får fortalde at han fleire gonger hadde teke opp dette med promillekøyring med sonen sin, utan at det gikk inn. Men så la han avisa på bordet og ba han lesa. Den kvelden gikk gutan på tomme sitt i staden for å gå ut, så farin forstod at han hadde fått noko å tenkja på, fortel Tveterås.

Då Karen Tveterås, Ørjan Olsen og dottera Marthe stod fram i BT, fortalde det open at Anders mista livet etter at han råkøyrd i promille utan ferekort.

Familien vilje bryta tabu som er knytt til promille-ulukker, for å unngå at fleire familiar skal oppleve same tragodie.

- Etterpå har me fått mange tilbakemeldingar, mykje meir enn me hadde venta, og det varmt, seier Karen Tveterås.

- Ulukker er tankevekkjarar

Dei fleste ungdomar synest råkøyring er uakseptabelt, men det er alltid nokon som skal tøffa seg med ferskt førarkort.

Det meiner Lars Helle Fauske, som er leiar i Vaksdal Ungdomsråd og samferdsleleiar i Ungdommens fylkesting. Han trur ikkje ungdomar i Vaksdal kommune har andre haldningar til promillegøyning og høg fart enn det andre ungdomar har.

- Nei, og meiner synest her er likt som andre stader, at slikt er uakseptabelt. Det er den almene oppfatninga, men sjølvsgatt kan det vera nokre få som har eit litt anna syn, seier Fauske.

Stader med lite politi er truleg mest utsett, meiner ungdomsrådsleiar. Han trur ulukkene som har involvert lokale ungdomar har vore ein tankevekkjar.

- Det går eit lys opp for ein om kva som kan skje, seier Fauske.

Efter hans oppfatning brukar eldre ungdomar å ordna seg skryss viss det skal ut og drikkja, slik at det slepp å koma i ein situasjon med ølflasske i ørne hands og bølnekølen i den andra.

- Er det vankeleg for ungdomar å setja frå demom det ser nokon som prøver å køyra i russtiltand eller held høg fart?

- Nei, det trur og ikkje, men det er somme som ikkje tek det til seg.

- Kva må til?

- Foreldre må snakka med ungdomane, og det ville hjelpe om nokon kom og snakka om promille og konsekvensar. Ein del som tok lappen skal visa at det er «fålaste» i bygda, at det har den «fålaste» bilen med mest hestar, som ser kulast ut. Eg trur ikkje nokon bortsett køyrer farleg, men ein trur gjerne at ein er betre sjåfør enn det ein er, og så skal ein tøffa seg for kompsar som ikkje har lappen.



► **DIALOG:** Lars Helle Fauske, leiar i Vaksdal ungdomsråd, meiner unge og vektare må snakke saman. (Prest Jens)

- Ikkje verre enn andre stader

- Me har ikkje grunnlag for å seia at ungdom i Vaksdal har dårlegare haldningar enn andre ungdomar, seier lensmann Ivar Hellene.

Anne Rønnes
arg@vaksdalposten.no

Sett i høve folketallet kjem det fleire meldingar om villmannskøyning frå andre delar av politidistriktet enn frå Vaksdal kommune.

- Det går i belgjer, med meir uro somme stader i enkelte periodar, og så roar det seg ned att, seier lensmann Hellene.

Ute på kontroll
Voss lensmannsdistrikt er stort, og det er krevjande for vaktpatrullen å nokka frå ørne utkanten til den andre, etter kvart som det kjem meldingar om tullekøyning.

- Men me gjer stikkontrollar, og særast for to helger sidan var me innom Vaksdal, Dale, Stanghella og Stamnes. Demom me vett om arrangement, brukar me å ha fokus på det, seier Hellene.

To tulle ulukker
I løpet av første halvår i år har to unge



► **FILTA:** Lensmann Ivar Hellene vil samst med ørne belegg diskutera om det er tiltak politiet kan setja iverk for å endra farlege haldningar blant unge sjåførar. (Anne Rønnes)

menn frå Vaksdal kommune mista livet i trafikkuulukker.

- Ullukka på stamvegen i mars kan ikkje settast i samband med haldningar i ungdomsmiljøet, meiner Hellene.

Politist ei etterforskning har ikkje kunnna slå fast årsaka til at den unge mannen koma over i fullkøyrefelt, men det er ikkje noko

som tyder på at det var høg fart. Ifølgje politioverbetjent Einar Hystad har undersøkingar vist at begge dei involverte bilane hadde fart om lag på fartsgrensa, kanskje litt under.

Tek opp tema
I tillegg, når det har kome fram at det i ungdomsmiljøet i Vaksdal skal vora ei farleg haldning til køyring i høg fart og alkoholførværitilstand, har politiet bestemt seg for å sjå om det er tiltak det kan setja i verk i løpet av hausten, gjerne i samarbeid med skular og kommunen.

Hellene undertrakar at innsetns må koma frå fleire hald, og at det handlar om dialog.

- Foreldre og andre vaksne spelar ei viktig rolle både når det gjeld ungdom si atferd i trafikken, og i forholdet til alkohol og andre rusmidlar.

Sjaldan å sjå
- På vegar der politiet er sjaldan å sjå, opplevast det som fritt fram. Kva seier du til det?

- Me køyrer regelmessig innom det fleste vegar i distriktet, men om det er nok? Langt ifrå. Me skulle sjølvsgatt vore mykje meir ute i grensene, slår Hellene fast.

10 OMKOMNE PÅ VEGAR I HORDALAND



Første halvår i år har 100 personar mista livet i trafikken, ein auka på 10 prosent frå same tid i fjor. 10 av dei omkomne mista livet på vegar i Hordaland.

Ifølgje Trygg Trafikk er ungdom overrepresenterte i trafikkuulukkar, og gutar utgjer 2/3 av dei dropane. Det viktigste årsaksfaktorene i trafikken er manglande erfarling, morkensom eller ferarøkytgnheit, for høg fart etter forholda, manglande tilrette og køyring i rusførværitilstand.

Treng meir målretta innsats

Ordfører Eirik Haga meiner det trengst ein ekstra innsats både på vegane og med haldningane for at ungdom skal ferdast tryggare i trafikken.

- Det er viktig å understreka at dei aller fleste, både ungdom og eldre, køyrer fint og lovdygtig. Men så har ein nokre som køyrer for fort og i rusførværitilstand. Det er farleg, og noko me må få slutt på, seier ordfører Haga.

Vil spissa innsatsen
Han har alt snakka med andre i Heradsutvalet om å finna ut korleis kommunen kan styrkja arbeidet med ungdomar og haldningane i trafikken.

- Det aller fleste køyrer lovdygtig, så me kan ikkje berre ha generelle virkemiddel.



► **FLEIRE:** Både vegar og haldningar kan trengast ei forbetring, meiner ordfører Eirik Haga, som vil trekkja inn skule, ungdomsråd og vegvesen. (Anne Rønnes)

Me må gå djupare inn i materien, og spissa innsatsen, seier Haga.

Han har både Statens Vegvesen om ekstra midlar til trafikkseikring, og etter at kommunen har hatt eigne møte er det også aktuelt å seikja og pengar til haldningsarbeid.

Skjebnesvangre fell
- Me har vegar som ikkje er etilgjørvandse. Viss ein gjer ein fell på vegar i vår kommune, kan det få skjebnesvangre utfall. Me er nøydd til å jobba på fleire frontar samstundes, og å jobba med både trafikkseikring av sjøve vegar samstundes som me jobbar med haldningar, seier Haga.

Ordføreren viser til BT-artikkelen om familien Olsen i Vætnes, der det sette sekulysst på ungdom, promille og høg fart, og ba om at det vart teke eit oppgjær med utkulturen.

Det er Haga klar for å bidra til, og han

ønskjer å trekkja skulen og ungdomsrådet med i arbeidet.

Ser sjaldan politiet

- Kva med politiet si rolle?
- Problemet vett ekstra utfordrande når politiet er lite til stade. Dei har eit stort distrikt, og me i utkantane ser minst til politiet. Eg skulle ønska det var meir synleg politiet, men samstundes er det viktig at me køyrer på ein haldningmessig god måte. Å køyra bel er så å hørslag at ein er nøydd å følgja reglane, seier Haga.

Ordføreren er ikkje så sikker på om Vaksdal har større problem enn andre kommunar, men om det er slikt, er det ein ekstra grunn til å auka innsatsen.

SØNDAG 20. JULI

Bergens Tidende

NR. 150 LIKE 20 · 2014 · 147. ÅRGANG

LOSSALG KR 35

Askøyfamilie
fanget i Gaza



UTLAND // SIDE 16-17



Israels
fremste
våpen

UTLAND // SIDE 14-15

Vil bli
best i
verden



Ingvill Måkestad Svinn

SPORT // SIDE 24-25

Droppet skolen,
tjener gode
penger
på butikk

JOBBS & KARRIERE // SIDE 20-21

SHOPPING: Vårt viktigste samfunnsoppgjør i dag er tydeligvis å bruke penger.

KOMMENTAR // SIDE 2-3

Åtvarar mot råkøyring etter sonens dødskrasj



PHOTO: ERIK BREKKE

ENGASJEMENT MIDT I SORGA: Anders Olsen Tvetås var berne 18 år då han mista livet etter å ha køyrt bil med promille. No vil familien ta eit oppgjør med det dei meiner er ein ukultur blant ungdommen i Vakadal. Frå venstre: mor Karen Tvetås, far Bjørn Olsen og syster Martina Olsen Tvetås.

NYHETER // SIDE 4-6

Åpningskampanje!

EKSTRA billig bensin og diesel!

Velkommen til nye Uno-X Fjøsanger!

I dag tanker du ekstra billig kl. 10-15.

- **HUSK!** Du får alltid 30 øre/l bonus med BonusKortet - Vi deler ut kortet klar til bruk!

Uno-X Fjøsanger, Struamevegen 3, 5073 Bergen



PS 21/15 Ymse